





Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

28 APR 2015

Askøy kommune
Tuva Jørgensen
Postboks 323
5323 KLEPPESTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2015/049375-002

Dykkar referanse:
2015/1813-6

Vår dato:
24.04.2015

Oversending av søknad for uttale - Dispensasjon frå byggjegrænse og søknad om utvida bruk av avkøyrslø Fv. 562 - gnr. 12 bnr. 615 - Askøy kommune.

Vi viser til brev i frå Askøy kommune av 21,04,15 med søknad om dispensasjon frå byggjegrænse til Fv 213 og til søknad frå HEFØ boligutvikling as om utvida bruk av eksisterande avkøyrslø på Fv 213 frå same gbnr.

Fv 213 mellom Marikoven og Skiftesvik er smal, svingete og uoversiktleg. Fylkesvegen har dårleg standard, lav transportevne og er på mange punkt direkte trafikkfarleg. Vegen er også utan tilbod til mjuke trafikantar. Fv 213 har i dag ein ÅDT på minimum 2000 biler i døgnet. Dette er mykje med tanke på den dårlege standarden som vegen har. Trafikkmengda og standarden på vegen utfordrar i vesentleg grad trafikktryggleiken på staden.

Vegstrekninga er ein del av Askøypakken og vil bli utbeta etter vedteken reguleringsplan i åra som kjem. Fram til ny vegtrase er realisert vurderer Statens vegvesen at vi ikkje kan gje løyver til tiltak som vil auke trafikken på Fv 213. Dette gjeld også oppstart av nye reguleringsplaner som vil generere trafikk. Gjeldande eigedom som det her er søkt om ligg utanfor regulert område og vi kan difor ikkje sjå at vi kan gje vår tilslutning til dei mottekne søknadane.

Med bakgrunn i ovannemnde og omsynet til trafikktryggleiken på Fv 213 ber vi Askøy kommune om å avslå søknaden om dispensasjon frå byggjegrænse til Fv 213.

Når det gjeld søknad om utvida bruk av avkøyrslø som også fulgte med sendinga frå Askøy kommune gjer Statens vegvesen følgjande vedtak :

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Regionsvegkontoret å avslå søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslø på Fv 213.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:


Dette med bakgrunn i Fv 213 sin dårlege standard og auka trafikkmengde som i vesentleg grad utfordrar trafikktryggleiken på staden, både for bilistar og spesielt mjuke trafikantar som ikkje har noko tilbod på strekninga.


Klagerett

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning, Bergen

Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefsingeniør


Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Hordaland fylkeskommune